

Dalskarvatnet–Dyvikvågen

450 MILLIONAR ÅR GAMLE VESTLENDINGAR

Mange av fossila ein finn på Stord, er i slekt med fossil av same alder funne i Nord-Amerika. Forskarane tek det som eit teiken på at berggrunnen på Stord den gong dyra levde, låg mykje nærare Amerika enn i dag.

A finna fossil på Vestlandet er sjaldan. Under den kaledonske fjellkjededanninga vart berget kraftig faldt og utvalsa, og utsett for høgt trykk og høg temperatur. Slik forsvann dei fleste restar og avtrykk av organisk liv i fjellet. Nokre fossil vart likevel bevarte, mellom anna på Stord.

I 1930-åra oppdaga geologen og seinare professoren ANDERS KVALE fleire fossil av seinordovicisk til tidleg silurisk alder (430–450 millionar år gamle) ved Dalskarvatnet, om lag 3 kilometer nordaust for Dyvik. Framleis kan ein finna fossil i bekkedalen som renn ut i den aust-nordaustre delen av vatnet og i kalklaga og linsene langs strendene. Fossil frå Dalskarvatnet viser spor etter stilkar av sjøliljer, etter mosedyr, korallar og kalkalgar. Ein har òg funne ulike trilobittar og armfotingar (biletet) ved vatnet. Ikkje

alle er like heile og tydelege. Mange fossil er flatpressa og faldt frå tida då den kaledonske fjellkjeda vart danna.

Men også andre stader i kommunen har ein funne fossil. Før ein byrja å sprengja bort berg for å byggja naust og kai, var Limbuvikjo (av *lim*, som tyder kalk) ved Dyvikvågen den beste staden for å finna fossil i Hordaland. Den fossilførande lagrekka ved Limbuvikjo høyrer til den same sona og er av same alder som ved Dalskarvatnet.



Ved Dalskarvatnet (t.b.) er det gjort ei rekkje funn av fossil frå ordoviciumtida, mellom anna denne armfotingen (brakiopode). (Jan Rabben)



Svein Nord



FOSSIL


Eit fossil er skjel, skelettrestar eller avtrykk av dyr og planter bevarte i kalkstein, skifer eller sandstein. Desse bergartane er forsteina kalkslam-, leire- eller sandavsetjingar. Vart dei avsette i område der dyr og planter levde, inneheld dei ofte fossil. Kvar geologisk tidsperiode har sine karakteristiske fossil, som derfor kan brukast til å seia noko om alderen til fossilførande bergartar.

PARING PÅ FLYPLASSEN

STORD LUFTHAMN på Sørstokken er truleg den einaste i Noreg, kanskje i heile Europa, som har problem med parande orrfugl. Sidan flyplassen vart bygd i 1985, har flystripa vore nytta som spel plass.

Ein orrfugl må ha oversikt over kva som skjer på spel plassen. Derfor vel han ofte eit leikeområde på ei open myr i furuskogen med gode innflygingsruter til leiken. Eit slikt område var det nok på Sørstokken før flyplassen vart bygd. Og etter at flyplassen kom, har fuglane bevda beimstadretten sin knallhardt. På det meste er det sett meir enn 20 fuglar samstundes der, og dei er ein fare for flytrafikken. I spelsesongen må tilsette ved flyplassen ofte ut og jaga kåte orrbannar vekk før morgonflyet kan letta.

Så lenge morgontrafikken med rutefly om våren ikkje er altfor stor, kan orrfuglens sterke drifter kombinerast med dagleg drift av flyplassen på Sørstokken. Men kven likar vel å bli uroa like før ein skal til å sikra etterslekta? (Jan Rabben)



Geologien langs austsida av Dyvikvågen, kartlagt av Hans Reusch i 1880-åra. Fossila finst i kalksonene avmerkte på kartet.